



Informasjon frå HR-avdelinga

Til: tilsette i Stryn kommune

Informasjon til tilsette i høve omdisponering, ferie/avspasering og endring av lovverk

1.0 Innleiing

Regjeringa har bestemt at skulane og barnehagane ikkje skal opnast igjen før tidlegast etter påske (stengt til og med 13.april). På bakgrunn av dette vil vi minne om nokre viktige endringar i lovverket relatert til utvida kvotar for å kunne vere heime med borna.

Per i dag er eit utval tilsette i Stryn kommune fortsatt i arbeid på arbeidsplassen, andre har heimekontor. Eit mindre utval avventar nye arbeidsoppgåver i påvente av at deira ordinære arbeidsoppgåver kan igjenopptakast. Alle er oppmoda til så langt som mogleg å oppretthalde normal drift. Dei som ikkje har høve til dette grunna situasjonen, skal i samråd med næraste leiar vurdere alternative løysingar som nettkurs ol.

2.0 Informasjon til tilsette

2.1 Eventuell omdisponering av tilsette

Bakgrunnen for alle tiltaka som no blir iverksette, er som de veit å hindre at liv og helse går tapt grunna koronaviruset. Dette betyr at kommunen til ein kvar tid må prioritere sine ressursar og oppgåver i lys av denne overordna målsettinga. I praksis medfører dette at vi alle må vere budde på i ei kortare periode å legge bort våre ordinære arbeidsoppgåver til fordel for anna og viktigare arbeid, fortrinnsvis innan helsesektoren. Vi kan kome i ein situasjon der vi treng fleire hender for å sikre vårt mest kritiske samfunnsoppdrag: å hjelpe dei mest hjelpetrengande. Desto meir kritisk situasjonen eventuelt blir, desto fleire ordinære oppdrag må vike for å sikre mål nummer ein.

Leiarane innan Skule og kultur vil i løpet av kort tid få i oppdrag å kartlegge tilgjengelege ressursar i sektoren som på relativt kort varsel kan tre inn og bistå der det trengst innan Helse- og sosial samt Teknisk etat. I same kartlegginga vil ein også avklare om det blant dei som per i dag er i full drift, finst helserelatert kompetanse som kan nyttast innan helse ved behov. Slik er kommunen budde dersom situasjonsbilete skulle endre seg og bli endå meir kritisk enn det er i skrivande stund. Kommunen må planlegge for alle scenario; de som tilsette er vår viktigaste ressurs i så måte. Andre tilsettegrupper vil ved behov bli gjenstand for same registrering etter kvart.

2.2 Ferie/avspasering

All planlagd ferie og avspasering skal gjennomførast som planlagt.

2.3 Utvida kvotar

Følgjande informasjon frå NAV er særskilt relevant for mange i desse dagar:

2.3.1 Omsorgsdagar (Eigenmelding sjukt barn)

«Så mange dagar har du automatisk ut kalenderåret barnet fyller 12 år:

Adresse

Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Telefon

57 87 47 00

Org.nr

963 989 202

E-post

postmottak@stryn.kommune.no

Internett

www.stryn.kommune.no

Stortinget vedtok 20.03.20 å doble antall omsorgsdager, dette gjelder frem til 31.12.20

- 20 omsorgsdager per kalenderår når du har ett eller to barn
- 30 omsorgsdager per kalenderår når du har tre eller flere barn
- Når dere har avtale om delt bosted, får dere 20 eller 30 dager hver avhengig av hvor mange barn dere har
- Hvis du er alene om omsorgen, dobles antall dager»

Hva betyr det å være alene om omsorgen?

Når det gjelder omsorgspenger, er du regnet som alene om omsorgen hvis du ikke bor sammen med den andre forelderen, og barnet bor fast bare hos deg.

Hvis du og den andre forelderen har en avtale om delt bosted, hvor barnet bor fast hos dere begge, vil ingen av dere bli regnet som alene om omsorgen.»

OBS: du treng ikkje søke om å få fleire dagar innan utvida kvote.

2.3.2 Kronisk sjuke barn eller funksjonshemma barn

Dersom du har eit kronisk sjuke barn/barn med funksjonshemming, må du søke om ekstra dagar utover eksisterande kvote når dette medfører auka risiko for fråvær (sjå nav.no).

«Hvis du har et barn med kronisk sykdom eller funksjonshemming, kan dette gjøre at du har høyere risiko for å måtte være borte fra jobb. I denne situasjonen, kan du søke om å få 10 ekstra omsorgsdager for hvert kalenderår. Hvis du er alene om omsorgen, dobles antall dager.

Har du flere barn med kronisk sykdom eller funksjonshemming, kan du få 10 ekstra dager for hvert barn. Du må søke for hvert barn.

Det er bare foreldre og fosterforeldre som barnet bor fast hos, som kan få ekstra omsorgsdager».

Her kan du søke ekstra dagar ved kronisk sjukdom/funksjonshemming: <https://www.nav.no/familie/sykdom-i-familien/nb/omsorgspenger#Nar-kan-du-soke-om-ekstra-dager>

3.0 Konklusjon

Det er mange som med rette kjenner seg slitne på bakgrunn av alle konsekvensane av koronaviruset. Mange har utfordrande arbeidsdagar; Det er mykje informasjonstrøkk både i media og elles. Derfor er det avgjerande at vi alle nå støtter kvarandre best mogleg, og at vi ikkje minst støttar opp under vårt viktigaste samfunnsoppdrag i denne situasjonen – å sikre liv og helse. Kommuneleiinga er takksamane for at organisasjonane og hovedverneombodet er så løysingsorienterte og positive på vegne av oss alle i den situasjonen vi nå står i, men som vi alle snarast mogleg vonar å kunne sjå attende på.

Inntil vi er i mål er den viktigaste oppgåva for oss alle å ta godt vare på oss sjølve og våre næraste både utanfor og på arbeidsplassen, følge råda frå helsemyndigheitene og å vere positive til omdisponering dersom situasjonen krev det.

Helsing
Stryn kommune, HR-avdelinga

Nils-Petter Hauge
HR-sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur